



VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling, mudring, og dumping i sjø utanfor gnr./bnr. 121/1 og 121/11 i Sakseidvågen i Bømlo kommune for Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren gir Vestland fylkeskommune løyve til tiltak i sjø. Tiltaka omfattar utfylling av ca. 30 000 m³, mudring av mellom 4 000 til 15 000 m³ massar, og dumping av dei mudra massane. Tiltak vil skje i Sakseidvågen i Bømlo kommune. Formålet med tiltaket er utbetring av Fv. 541 Sakseid – Hestaneset.

Tiltaksområdet skal skjermast med siltgardin og tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålar. Mudre- og dumpearbeidet skal ikkje skje når det er låssatt fisk i låssetjingsplassen nær tiltaksområdet.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6

Vi viser til søknad datert 6. juli 2023 og informasjon som blei gjeve under sakshandsaminga, sist i brev frå Norconsult datert 31. januar 2024.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling, mudring og dumping i Sakseidvågen Bømlo kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 – jamfør forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet




Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 38 900 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket


Vestland fylkeskommune søker om løyve til utfylling av ca. 30 000 m³ i samband med utbetring av Fv 541 Sakseid – Hestaneset. Utbetringa av denne vegen er eit av dei prioriterte tiltaka i Bømlopakken. Føremålet er å etablere ei fylling for å leggja vegen utanom Sakseid sentrum, iht. godkjent reguleringsplan (planID: 1219201406). Utfylling skal føregå frå land og frå lekter.



Figur 1. Oversiktskart som viser utfyllingsområde med fyllingsfot og originalt planlagt dumpeområde.

På grunn av behov for fortregning av sedimentlag med blaute massar, kan det verta behov for mudring for å halda ynskt djupne. Vestland fylkeskommune søker difor òg om løyve til mudring av 4000 – 15 000 m³ massar, ev. massefortregning med undervasssprenging.


Dersom det blir behov for mudring var det opprinneleg planlagt at massane skulle dumpast på sjøbotnen i nærleiken av mudringsområdet, sjå figur 1. Det er ikkje eit mål om å omplassera alle dei fortregte massane i ev. dumpeområde, kun dei massane som fordelar seg på en ugunstig måte framfor fyllingsfot. Etter motsegn frå Sør Norges Fiskarlag og Fiskeridirektoratet på dumpelokalitet er det utarbeida ny løysing til dei mudra massane, vist i figur 2.



Figur 2. Nytt forslag til disponering av mudra massar, innanfor reguleringsgrena i sjø, og utanfor låssetjingsplass.

Den nye løysinga er innanfor reguleringsgrena i sjø, og ligg utanfor låssetjingsplassen. Dumpeområdet ligg innanfor siltgardina og Sør-Norge Fiskarlag har stilt seg meir positiv til det nye alternativet.

Tiltaksområdet ligg inne i ein beskytta våg kor det basert på resultatane frå sedimentundersøkinga tyder på rolege straumforhold grunna stadvis registrering av gytje og finstoff.



Figur 3. Kart som viser låssetjingsplass i nærleiken av tiltaksområdet



Det er registrert ein låssetjingsplass like nord for utfyllingsområdet. Sør-Norge Fiskarlag skal i anleggsperioden få moglegheit til å bruka området nord for anleggsområdet utanfor siltgardina til landfeste til kilenot, og området rett utanfor siltgardina til låssetjingsplass på tvers i vågen.

I sjølve utfyllingsområdet er sjøbotn forureina med TBT og ein PAH-forbindelse i tilstandsklasse III. Ellers er alle analyserte parametarar i tilstandsklasse I og II. I eit transekt utover Sakseidvågen (stasjon 2-4) er det påvist høgare konsentrasjonar av enkelte metall (Arsen, Cd, Zn) tilsvarande tilstandsklasse III, samt enkelte PAH'ar i tilstandsklasse IV.

Partikkelspreiing både frå oppvirvling av sjøbotnsediment, samt finstoff i fyllmassane vil førekome. Dette vil bli ivaretatt med bruk av siltgardin og overvaksingsplan for vasskvalitet, iht. reguleringsføresegner.

Utfylling i sjø krev løyve etter forureiningslova § 11 frå Statsforvaltaren. Mudring, sprenging og dumping i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 22 når mudring og dumping skjer frå skip (lekter).

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sør-Norges Fiskarlag, Bømlo kommune og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 6. september 2023. Vi fekk følgande høyringsutsegn:

Bømlo kommune (6. september 2023)

Attgjeving av uttale:

«Utfylling og mudring Utbetring av Fylkesvegen 541 Sakseid - Hestanes er eit av dei prioriterte tiltaka i Bømlopakken. Vegtraseen er fastlagt i godkjent reguleringsplan. På grunn av behov for fortrenging av sedimentlag med blaute massar, kan det verta trong for mudring for å halda ynskt djupne. Vestland Fylkeskommune søkjer difor om løyve til mudring av 4000- 15 000 m³ massar, ev. massefortrenging med undervasssprenging. Dersom det blir behov for mudring er det planlagt at massane skal dumpast på sjøbotnen i nærleiken av mudringsområdet.

Utfylling i Sakseidvågen vart grundig vurdert i samband med godkjenninga av reguleringsplanen for utbetring av Fv 541 Sakseid- Hestaneset (planid 1219201406). I reguleringsføresegnene står det at det skal nyttast siltgardin under utfylling i sjø. Dette vil etter kommunedirektøren si meining hindre partikkelspreiing frå sjøbotnsedimenta og fyllmassar. Det skal også fylgjast opp med overvaksingsplan for vasskvalitet.

*Det står i søknaden **om miljømål**: Basert på miljøteknisk undersøking, kjennskap om forureiningsgraden utanfor Sakseidvågen, samt planlagde avbøtande tiltak, vert det vurdert at tiltaket ikkje kjem til å forringa miljøtilstanden i vassførekomsten.*

Etter kommunedirektøren si vurdering viser dette at planlagt utfylling og mudring ikkje kjem til å forringa miljøtilstanden i vassførekomsten i Sakseidvågen.

Låssetting:

I kommuneplanen er det avsett eit område til låssettingsplass utanfor utfyllingsområdet. Av søknaden framgår det at låssettingsplassen i Sakseidvågen skal flyttast midlertidig medan anleggsarbeidet pågår. Målsettinga er at tiltaket ikkje skal forringa bruk av låssettingsplassar i nærleiken.



Omsøkt utfylling og mudring vil difor etter kommunedirektøren si vurdering ikkje påføra fiskerinæringa i området større ulemper dersom planlagde metodar blir brukt.

På denne bakgrunn vil Bømlo kommune tilrå at søknad om mudring/dumping og utfylling i sjø i Sakseidvågen vert godkjent som omsøkt.

Me har ikkje merknadar til mudring, så lenge behovet for mudring er blitt nøye vurdert og ses på som nødvendig, og at metodane nemnt blir følgt opp som planlagt.»

Bergens Sjøfartsmuseum (5. august 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gnr./bnr. 121/ - 121/11 i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Sør-Norges Fiskarlag (6. september 2023)

Attgjeving av uttale:

«I forbindelse med utbetring av Fv 541 Sakseid – Hestaneset blir det søkt om utfylling av ca 30 000 m³ massar i sjø. Ved behov blir det òg søkt om mudring av 4000 – 15 000 m³ massar og dumping på sjøbotn i nærleiken.

Sør-Norges Fiskarlag visar til at det i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er registrert låssettingsplass i området. Flyfoto visar at området òg blir brukt til dette føremålet med sitjenot innerst i vågen.

Ein føreset at arbeidet i sjø ikkje vil ha innverknad på framtidig fiske. Utfyllinga må avgrensast mest mogleg og det må ikkje føre til endringar i botnforhald. Ein kan dermed ikkje akseptere dumping av massar på sjøbotn. Dette vil kunne øydelegge utøvinga av fisket og skape hefte for fiskereiskap.

Sør-Norges Fiskarlag føreset at det blir satt inn tilstrekkeleg avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreding og spreining/utgliding av massar. Mudra massar må brukast til samfunnsnyttige føremål eller leverast til godkjent mottak.»

Fiskeridirektoratet (5. september 2023)

Fiskeridirektoratet skrev i sin uttale at søknaden ikkje er godt nok opplyst til at dei kunne gje ein fullstendig uttale. De etterspurde fleire opplysningar om låssetjingsplassen for å kunne gje in ny uttale i saka.

Statsforvaltaren i Vestland oversendte fråsegnene til Vestland Fylkeskommune for kommentar 11. september 2023, og etterspurde meir informasjon om korleis låssetjingsplassen skulle handterast slik at Fiskeridirektoratet kunne gje ein ny uttale i saka.

Tiltakshavar sine kommentarar til fråsegnene (5. september 2023)

Attgjeving:

Syner til dykkar brev av 07.09.2023 med oversending av tre fråsegn knytt til søknad om utfylling i Sakseidvågen, Bømlo.



I det følgjande kjem Vestland fylkeskommune/Norconsult AS sine kommentarar til fråsegnene;

Museum Vest

Museet skriv i brev av 09.08.23 at dei ikkje kjenner til kulturminne i Sakseidvågen som kan bli direkte råka av tiltaket, men dei gjer oppmerksom på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Arbeida i sjø må då straks stoppast.

Svar:

Vestland fylkeskommune vil sørgja for at entreprenør er godt kjend med kulturminnelova og vil inkorporera det i varslingsrutinane til entreprenøren.

Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet skriv i brev av 05.09.23 at det er registrert ein låssettingsplass like nord for tiltaksområdet. Det vert påpeika at det er uklart korleis ei midlertidig flytting av denne er tenkt gjennomført, og om det har vore dialog med fiskarlag om flyttinga.

Svar:

Vestland fylkeskommune har vore i dialog med fiskar, Morten Alfredsen. Morten Alfredsen har også vore i dialog med Bømlo kommune om å inngå avtale om bruk av areal til landfeste for kilenot på eigedom gnr./bnr. 5/1 på Bømlo (sjå vedlegg 1 for dialog med kommunen).

Sør-Norges Fiskarlag

Sør-Norges Fiskarlag syner i brev av 06.09.23 at det er registrert ein låssettingsplass i området, med sitjenot innerst i vågen. Fiskarlaget føreset at arbeidet i sjø ikkje vil ha innverknad på framtidig fiske og at utfyllinga må avgrensast mest mogleg. Utfyllinga må ikkje føra til endringar i botnforhold. Det kan dermed ikkje aksepteras dumping av massar på sjøbotn då det kan øydeleggja utøvinga av fisket og skapa hefte for fiskereiskapar. Fiskarlaget føreset også at det vert satt inn tilstrekkeleg avbøtande tiltak for hindre partikkelspreiing og spreining/utgliding av massar, samt at mudra massar må nyttast til samfunnsnyttige føremål eller leverast til godkjent mottak.

Svar:

Låssettingsplass

Når det gjeld låssettingsplass vil vi her også visa til vedlegg 1 som gjeld dialog med kommunen angående bruk av areal til landfeste for kilenot for eigedom gnr./bnr. 5/1 på Bømlo.

Dumping av evt. muddermasser

Angående dumping av evt. oppmudra massar syner me til søknadens del A, punkt b) kor det går fram at evt. mudring langs fyllingsfot kun vil vera aktuelt i eit svært begrensa omfang. Me vil også visa til sedimentgranskinga som er gjort i, og utanfor tiltaksområdet som syner at forureiningsgraden stig noko utover Sakseidvågen. Resultata (sett vekk frå TBT som kan stamma frå båtar i området) kan tyda på at forureininga er tilført Sakseidvågen frå området utanfor, kor det ligg eit avslutta kommunalt deponi på land. Evt. oppmudra massar antar vi vil bestå av massar frå stasjon 1 og 2, som er ganske lik dei som er frå stasjon 3 (kor massane er planlagt dumpa i djuphola). Basert på opplysningane som føreligg vil ikkje dumpinga medføra ei vesentleg forureiningsmessig endring, og sjølve dumpetiltaket vil i liten grad føra til endringar i botnforhold sidan oppmudra massar vil ha dei same eigenskapar/karakter som botnmateriale på omsøkt dumpeareal. Me vil elles visa til søknadens vedlegg 2 kor omsøkt dumpeområde er teikna inn. I følgje kartgrunnlaget er det om lag 16 m djupt i denne hola, og etter dumping er vassdjupe berekna til å



verta 15,5 – 14,5 m djupt. Basert på dette kan ein ikkje sjå at plassering av massane i denne hola vil øydeleggja utøvinga av fisket og skapa hefte for fiskereiskapar.

Å levera evt. oppmudra massar til godkjent mottak vil medføra store kostnader og unødvendig stort transportbehov. Veiledande pris frå Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM) er oppgitt til 850 kr pr. tonn muddermassar til deponi. I tillegg kjem transportkostnader og eventuelle kostnadar til supplerande avfallskaraktisering. Massane vil måtta fraktast med lastebil til næraste deponi, på Fitjar, som ligg 42 km unna tiltaksområdet. Alternativt må massane fraktast sjøvegen så langt det let seg gjera til deponiet. Mest sannsynleg må avvatning av massane gå føre seg lokalt på staden, og det er pt. ikkje satt av areal til ein slik operasjon. Prosjektet kjenner ikkje til moglege nytteverdi av desse massane. Gytja mangler styrke, er salthaldig og rik på organisk materiale. Dermed er massane lite eigna som tekniske massar på land eller i sjø.

Me vil elles visa til at reguleringsføresegner stiller krav til at det skal nyttast siltgardin under utfylling i sjø, i tillegg skal det utarbeidast ein overvåkingsplan for vasskvalitet. Desse avbøtande tiltaka vil ivareta partikkelspreiing frå tiltaksområdet og vil også gjelde for evt. dumping av massar dersom metoden som blir benytta kan medføra vesentleg oppvirvling og spreiiing av sediment. Eksempelvis vil deponering vha. splittlekter gje ein større risiko for partikkelspreiing enn ved plassering av massane ved hjelp av nedføringsrøyr. Det skal gjerast ei risikovurdering før evt. dumping som vil avdekka behov for bruk av nedføringsrøyr for skånsamare plassering av massane på sjøbotn, og evt. behov for tildekking med eit sandlag før dumping.

Basert på dette kan me ikkje sjå at omdisponering av massane i kort avstand frå opphavs plass vil medføra vesentlege konsekvensar for miljø. Men dersom ein tar opp massane og startar handtering av dei på land vil dette gje konsekvensar, og større utfordringar for gjennomføring av anleggsarbeidet.

Ny uttale frå Fiskeridirektoratet 6. november 2023

Attgjeving av uttale:

«Vurdering

Midlertidig flytting av låssetjingsplass

I Sakseidvågen ligg ein låssetjingsplass for makrell og sild som Fylkeskommunen opplyser om skal flyttast midlertidig medan arbeidet med vegen går føre seg. I informasjonsbrevet oversendt frå Statsforvaltaren visast det til e-post-korrespondanse mellom kommunen og lokal fiskar. I korrespondansen er det inngått avtale om at fiskaren kan nytte sjølina på gnr./bnr. 5/1 til landfeste for kilenot. Fiskeridirektoratet peiker på at fiske med kilenot er noko anna enn låssetjing. Mens kilenot er eit passivt fiskereiskap er låssetjing når fiskarar fortøyer steng og nøter for levendelagring av fangst i ein avgrensa tidsperiode. Vi stiller oss difor undrande til om plassen på gnr./bnr. 5/1 faktisk er tiltenkt låssetjing.

Vidare er låssetjingsplassar i naturgitte område, gjerne i skjerma viker og vågar der naturtilhøva ligg særleg til rette for det. Vi stiller difor spørsmålsteikn ved om det er vurdert om sjølina ved gnr./bnr. 5/1 er egna til låssetjing og om den faktisk vil nyttast som erstatningsplass for fiskarane.

Dumping av massar i Sakseidvågen

Sør-Norges fiskarlag har i sin uttale peika på at dumping av massar kan føre til endring av sjøbotn, og at det kan øydeleggje for utøving av fiske og skape hefte for fiskereiskap. Dei har difor gått i mot dumpinga. Fiskeridirektoratet ser utifrå kart og tilsendte bileta at området for dumping er utanfor reguleringsplan-grensa, og overlappar med låssetjingsplassen. I føresegnene til kommuneplanen til Bømlo står følgjande under §10.1 Fiskeområda: «tiltak som kan hindra eller øydeleggja for definert bruk er ikkje tillate». Slik vi



forstår denne saken er det tenkt at låssetjingsplassen skal flyttast midlertidig slik at arbeidet med utfyllinga ikkje skal påverke utøving av fiske i anleggsperioden. Det er også vår forståing av søknad at låssetjingsplassen tilbakeførast når dette er ferdig. Slik vi ser det er ei permanent endring av botnforholda i låssetjingsplassen ikkje i tråd med kommuneplanen sjølv om Vestland Fylkeskommune meiner dumpinga ikkje vil føre til store endringar. Vi kan heller ikkje at det ikkje er søkt om dispensasjon i denne saka. På bakgrunn av dette rår vi i frå løyve til dumping i tiltenkt område i Sakseidvågen.

Utfylling

Ei sedimentundersøking av fyllingsområdet syner at sjøbotn er forureina med TBT og éin PAH-forbindelse i tilstandsklasse III. Søkjar opplyser at partikkelspreiing både frå oppvirvling av sjøbotnsediment, samt finstoff i fyllmassane vil førekome. Fisk i steng er vare for støy, vibrasjonar, partiklar og forureining, og difor er det viktig å unngå tiltak som kan gje dårlege miljøtilhøve for fisken. Søkjar har planlagd å nytte siltgardin og overvaking av vasskvaliteten. Fiskeridirektoratet ser på dette som nødvendige tiltak for å sikre spreiiing av partiklar, men dei er ikkje til hinder for spreiiing av miljøgifter som TBT og PAH-forbindelsar. Utfyllinga må difor skje så skånsamt som mogleg, og det må sikrast at avstanden til eventuell låssatt fisk er stor nok.

Undervasssprenging

Dersom det verte aktuelt med undervasssprenging må dette skje på eit tidspunkt der fisk ikkje er låssatt i nærleiken. Vi ber om at det settast som vilkår i eit eventuelt løyve at tidspunkt for sprenging koordinerast med lokalt fiskarlag.

Konklusjon:

Fiskeridirektoratet rår i frå løyve til dumping i tiltenkt område i Sakseidvågen.

For dei andre tiltaka meiner Fiskeridirektoratet følgjande krav bør settast i samband med eit eventuelt løyve:

- Utfyllinga skal overvakast ved visuell observasjon av partikkelspreiing og overvaking av vasskvaliteten. Arbeidet skal stansast dersom målingane viser uakseptabelt nivå av partiklar.
- Siltgardin skal nyttast ved utfylling.
- Utfyllinga skal skje så skånsamt som mogeleg for å hindre unødig spreiiing av miljøgifter. Det må sikrast at avstanden til låssatt fisk er stor nok.
- Det må sikrast at det ikkje er fisk i lås i nærleiken ved undervasssprenging. Tidspunkt for sprenging må koordinerast med lokalt fiskarlag.»

Tiltakshavar sine kommentarar til Fiskeridirektoratets uttale (31. januar 2024)

Norconsult, på vegne av Vestland Fylkeskommune, skriv at det omsøkte arealet for ev. omplassering av muddermassar er endra, og at det er planlagt utført vha. nedføringsrøyr når låssetjingsplassen ikkje er i bruk.

Attgjeving av uttale:

«I det fylgjande kjem Vestland fylkeskommune/Norconsult Norge AS sine kommentarar til fråsegna;

Midlertidig flytting av låssetjingsplass

Fiskeridirektoratet stiller seg undrande til om plassen på gnr./bnr. 5/1 er tiltenkt låssetjing, sidan det i tidlegare oversendt avtale går fram at fiskaren kan nytta sjølinja til landfeste for kilenot.



Svar: Vestland fylkeskommune har vore i ny dialog med fiskar, Morten Alfredsen, kor det framgår at fiskarane i anleggsperioden har moglegheit å bruka området nord for anleggsområdet utanfor siltgardin til landfeste for kilenot, og området rett utanfor siltgardinen til låssettingsplass på tvers i vågen. Som kompensasjon for at kilenot og låssettingsplassen vert forringa er det lova ein landingsplass/kai i fyllinga som skal nyttast av fiskarar. Sjå e-post korrespondanse med Morten Alfredsen i vedlegg 1. 5. januar 2024 blei det også haldt eit møte mellom Morten Alfredsen, Sør-Norges Fiskarlag, Vestland fylkeskommune og Norconsult, referat frå møtet ligg i vedlegg 2.

Dersom Fiskeridirektoratet ikkje finn opplysningane knytt til dette momentet som tilstrekkeleg rår me til å ta direkte kontakt med Morten Alfredsen for avklaringar.

Dumping av massar i Sakseidvågen

Fiskeridirektoratet rår i frå løyve til dumping i tiltenkt område i Sakseidvågen basert på at omsøkt dumpeområde er utanfor reguleringsplangrensa og overlappar med låssettingsplassen. I tillegg vil dumping av massane som omsøkt gje ei permanent endring av botnforholda i låssettingsplassen, noko som ikkje er i tråd med kommuneplanen kor det under § 10.1 Fiskeområda, går fram følgjande: «tiltak som kan hindra eller øydeleggja for definert bruk er ikkje tillate».

Svar: Me legg til grunn at ei endring vert her framstilt som eit problem, og det er reelt at ei endring vil førekome. Likevel, er det ikkje nødvendigvis slik at alle endringar vil forringa bruk. Søknaden vert likevel endra til at omsøkt areal for omplassering av evt. muddermassar vil bli haldt innafor reguleringsplangrensa i sjø, sjå vedlegg 3. Endringa er formidla til Morten Alfredsen og Sør-Norges Fiskarlag, jf. møtoreferat i vedlegg 2.

Utfylling

Fiskeridirektoratet ser på bruk av siltgardin og overvaking av vasskvaliteten (turbiditet) som nødvendige tiltak for å sikre uakseptabel spreining av partiklar, men at dette ikkje er til hinder for spreining av miljøgifter som TBT og PAH-forbindelsar. Utfylling må skje så skånsomt som mogleg, og avstanden til evt. låssatt fisk må vera stor nok.

Svar: Bruk av siltgardin i kombinasjon med turbiditetsovervaking vil bidra til å redusere risikoen for spreining av partiklar. Det er imidlertid generelt vanskeleg å halde tilbake miljøgifter som lettare lar seg løysa i vassfasen under tiltakets gjennomføring, slik som TBT og lette PAH-forbindelsar. I følge M-436/2016 har PAH-forbindelsar sterk affinitet for lavtløselege organiske fasar og vert fordelt ut av vassfasen og bind seg til eksempelvis organisk materiale i partikkelfraksjon eller organismar. Dette kan tolkast som at dei generelt bind seg lett til partiklar. Det er også generelt slik at dei største PAH-forbindelsane er mindre vassløselege og bind seg lettare til sediment, jf. M-436.

Omfanget av forureininga dette kan føra til må sjåast i samanheng med mengde massar som vert rørt, forureiningsgrad i massane, kor langt unna tiltaksområdet dette vil ha medverknad, og derav om dette kan reknast som uakseptabel spreining eller skade/ulempe.

Basert på følgande vil det skisserte tiltaket (med bruk av siltgardin og turbiditetsovervaking) etter vår vurdering ikkje medføra ei forringing mht. spreining av miljøgifter som TBT og PAH-forbindelsar:

- TBT ligg heilt i nedre del av TK III «moderat».
- Sum PAH(16) ligg i TK II «god» i utfyllingsområdet (stasjon 1). I tillegg er det her kun påvist ein enkeltforbindelse av PAH over TK II «god». Dette er antracen, som ikkje er den mest vassløselege av PAH-forbindelsane, jf. M-436. Dei 3 PAH-forbindelsane påvist i TK IV utanfor utfyllingsområdet



(stasjon 2) er blant dei minst vassløyselege av PAH'forbindelsane. Elles er 4 andre forbindelsar påvist i tilstandsklasse III, og desse er heller ikkje av dei mest vassløyselege forbindelsane.

- Sedimentundersøkinga tydar på at utfyllingsområdet er noko mindre forureina enn utover i vågen
- Det planlagte tiltaket antas ikkje å føra til større spreining av TBT enn dagens bruk av området (kilenot/fiskeri) med berøring av sjøbotnsediment utanfor utfyllingsområdet, som har noko høgare konsentrasjonar av TBT.
- Omplassering av muddermassar skal gjerast kontrollert med røyr eller via anna type eigna nedføringseining, sjølv om Miljødirektoratet åpnar opp for at begrensa mengder mindre forureina massar (i utgangspunktet tilstandsklasse III og reinare) kan deponerast direkte frå lekter.

Før oppstart av utfyllingsarbeidet skal det gjennomførast ei vurdering saman med fiskar, Morten Alfredsen, knytt til om avstanden til låssatt fisk er stor nok. I følge informasjon frå han er det ikkje låssatt fisk i området mellom november – april (sjå vedlegg 2). Av føre-var hensyn vil det evt. mudre- og dumppearbeidet leggjast utanom brukstid for låssettingsplassen, sidan det er denne delen av tiltaket som er forventa å gi høgast risiko for spreining av miljøgifter. Ein kan også vurdere behov for måling av før- tilstand og etter- tilstand i vassfasen mha. eksempelvis passiv prøvetakar, men dette vil truleg ikkje vera naudsynt sidan det her vil vera snakk om svært lave konsentrasjonar på bakgrunn av forureiningsgraden i massane som evt. kan bli berørt av mudring og omplasseringsarbeider. Dersom dette likevel vert vurdert som naudsynt kan det takast med i overvakingsplanen og koordinerast i samband med utsetting av turbiditetsmålarar.

Undervasssprengning

Fiskeridirektoratet påpeikar at evt. undervasssprengning må skje på eit tidspunkt når det ikkje er låssatt fisk i nærleiken.

Svar: Det vil bli stilt krav til entreprenør om at evt. undervasssprengning ikkje skal gjennomførast når det er fisk låssatt i nærleiken»

Ny uttale frå Fiskeridirektoratet 9. februar 2024

Attgjeving av deler av uttale:

«Vi syner til brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert 05.02.24 med justert søknad frå Vestland Fylkeskommune/Norconsult Norge AS

Justert søknad

Søkar har opplyst at i samarbeid med lokal fiskar har fiskarar moglegheit til å nytte område rett utanfor siltgardin til både låssetjing og festing av kilenot. Vidare er dumpingområde flytta slik at dette er innanfor planavgrensinga. Utfyllinga og evt., undervasssprenging er planlagt å skje når det ikkje er låssett fisk, og tiltakshavar har tett dialog med lokal fiskar som nyttar fiskeplassen. Tiltakshavar har også skildra avbøtande tiltak for å hindre spreining av miljøgifter til fisk i lås, og peiker på at forureiningsgraden i sedimenta er liten.

Vår vurdering

Fiskeridirektoratet vurderer at omsynet til fisk i lås og brukarene av fiskeplassen er ivaretekne med den korrigerede søknaden. Det er vår oppfatning at søknaden no er tråd med arealdelen av kommuneplanen sidan dumpingområde er flytta vekk frå fiskeplassen.»



Rettsleg grunngeving for løyve

Forureiningslova

Utfylling i sjø frå land krev løyve etter forureiningslova § 11. Utfylling, mudring og dumping frå lekter krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt for anleggsarbeid i sjø. Vi legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 «Handtering av sedimenter» for vår avgjerd. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningsforskrifta.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerdar som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Bømlo kommune har skrive at tiltaket vil vere i tråd med godkjent reguleringsplan (planID 1219201406).

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Grunngeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiding av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø.

Det er ikkje registrert naturmangfaldsverdiar (verneområde, naturtypar, raudlisteartar) i området eller nært tilknytning til planområdet i kartportalar som Naturbase, Artskart, Fylkesatlas m.fl, men det er registrert ein låssetjingsplass like nord for tiltaket. Sedimentundersøkinga frå 2014 og 2023 tyder på at det øvste topplaget i sjølve utfyllingsområdet består av grovare sediment, og i fylgje geotekniske undersøkingar i 2014 er det registrert blaute massar i eit lag varierende mellom 1,2 til 8,2 meter. Det blaute laget består stort sett av ei blanding av gytje, silt og leire med innblanda skjellrestar. Tiltakshavar sin løysing for massefortrengning er førebels uavklart og dei søker difor om mudring og undervasssprenging som moglege alternativ.

I sjølve utfyllingsområdet er sjøbotnen forureina med TBT og ein PAH-forbindelse i tilstandsklasse III. Elles er alle analyserte parametarar i tilstandsklasse I og II. I eit transekt utover Sakseidvågen (stasjon 2-4) er det påvist høgare konsentrasjonar av enkelte metall (Arsen, Cd, Zn) tilsvarande tilstandsklasse



III, samt enkelte PAH'ar i tilstandsklasse IV. Den største faren for forureining og negativ påverknad for tiltaket er spreieing av finstoff og oppvirvling og spreieing av forureina sediment.

Det vil være mellombelse effektar på områda rundt utfyllinga, særleg i anleggsperioden. Utfylling av masser i sjø vil føre til oppvirvling av finpartikulært materiale som kan verte spreidd i eit større område. Partikkelspreieing og spreieing av forureina sediment utgjer størst risiko for naturmangfald og fiskeriinteressar, og det stilles derfor krav til partikkelspreieing ut frå utfyllingsområdet.

For å redusere forureining og negativ påverknad er det i søknaden føreslege å bruke siltgardin rundt tiltaksområdet. Vi legg vekt på uttalane frå Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet skriv i sin uttale at naudsynte tiltak for å sikre mot spreieing av partiklar må settast i verk, og at utfyllinga må skje som skånsamt som mogleg. Dei skriv og at eventuell undervasssprenging må skje på eit tidspunkt der fisk ikkje er låssatt i nærleiken og at dette må koordinerast med lokalt fiskarlag.

Bruk av siltgardin gjennom utfyllings-, mudrings- og dumpeperioden inngår av den grunn som eit vilkår i løyvet. Tiltaket skal ikkje ha påverknad på låssatt fisk. Partikkelspreieing utgjer størst risiko for fiskeriinteressar, og det stilles derfor strenge krav til partikkelspreieing ut frå utfyllingsområdet. Ved bruk av siltgardin blir faren for forureining og negativ påverknad frå tiltaka redusert. Det er ikkje føreslege ein grenseverdi i søknaden. Statsforvaltaren sett ein grenseverdi på bakgrunnsverdi + 10 NTU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 30 minuttar. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av naturleg bakgrunnsverdi for turbiditet skal bli gjennomført i samsvar med NS-9433¹.

Etter motsegn frå Fiskeridirektoratet og Sør-Norges Fiskarlag har gjennomføring av tiltaka vore enda frå original søknad. Statsforvaltaren legg til grunn at arbeida skal skje slik som omtalt i ny omtale av tiltaksgjennomføring og forslag til avbøtande tiltak i uttale datert 31. januar 2024 frå Norconsult på vegne av Vestland fylkeskommune. Dumping av mudra massar skal skje kontrollert med røyr eller anna eigna nedføringsløyising, og skje på det nye dumpealternativet presentert i uttale datert 31. januar 2024.

Statsforvaltaren krev at det skal utarbeidast ein rutine for å redusere plastforureining når type tennsystem som har vore nytta til sprenging av sprengstein er kjent. Dersom det vert nytta tennsystem som flyter skal plast samlast opp og leverast til avfallsmottak som eigen fraksjon. Det skal gjennomførast opprydding av plast og anna avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og i nærliggande områder for å plukke opp eventuell plastrestar. Siltgardina vil òg fungere som ein barriere for plast, og plastavfallet som blir fanga opp av siltgardina vil med jamne mellomrom bli plukka opp og avfallshandtert.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085|2018² seier at sprengsteinsmassar normalt inneheld store mengder med plast, i form av plastarmering, skyteleidningar, og fôringsrøyr. Ved bruk av elektroniske tennsystem kan plastforbruket bli redusert med opptil 30 prosent. Dei elektroniske leidningane søkk, og vil bli liggande inne i fyllinga. Miljødirektoratet vurderer det som akseptabelt at det inntil vidare finnes noko plast inne i utfyllingsmassane. Faktaarket setter krav for utfylling av sprengstein i sjø. Statsforvaltaren setter vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til naturen, jf. vilkår 4.3, basert på faktaark M-1805|2018.

¹ Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard. NS 9433:2017

² Problemer med plast ved utfylling av sprengstein i sjø – M-1085 | 2018



Tiltaket skal koordinerast med lokalt fiskarlag. Fiskarane skal i anleggsperioden ha moglegheit til å bruka området nord for anleggsområdet utanfor siltgardin til landfeste for kilenot, og området rett utanfor siltgardina til låssettingsplass på tvers i vågen. Som kompensasjon for at kilenot og låssettingsplassen vert forringa har Vestland Fylkeskommune lova ein landingsplass/kai i fyllinga som skal nyttast av fiskarar. Før oppstart av utfyllingsarbeidet skal det gjennomførast ei vurdering saman med lokalt fiskarlag knytt til om avstanden til låssatt fisk er stor nok. I følgje informasjon frå fiskarlaget er det ikkje låssatt fisk i området mellom november til april. Av føre-var omsyn skal det ev. mudre- og dumppearbeidet leggjast utanom brukstid for låssettingsplassen, sidan det er denne delen av tiltaket som er forventa å gi høgast risiko for spreiiing av miljøgifter.

Tiltakets avgrensa omfang, varigheit, og avbøtande tiltak gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreiiing av partiklar som akseptabelt.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste moglege tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best moglege resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjeriing

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som moglege utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.



Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørdsal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Norconsult AS

FISKERIDIREKTORATET

Bømlo kommune

SØR-NORGES FISKARLAG

STIFTELSEN MUSEUM VEST

Postboks 185 Sentrum

Leirdalen 1

Postboks 936

Lyngneset 2

5804

5430

6001

5302

BERGEN

BREMNES

ÅLESUND

STRUSSHAMN





Løyve etter forureiningslova til utfylling, mudring, og dumping i sjø utanfor gnr./bnr. 121/1 og 121/11 i Sakseidvågen i Bømlo kommune for Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren gir Vestland fylkeskommune løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 6. juli 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og ev. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Vestland fylkeskommune
Postadresse	Postboks 7900, 5020 Bergen
Kommune og fylke	Bergen, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	821 311 632

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0253.T	4613.0131.01 4613.0132.01	2023/10966

Løyve gitt første gong: 18. mars 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør	Sondre Kaastad Sørdsdal rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhald

1	Rammevilkår	4
1.1	Omfang.....	4
1.2	Varsel om oppstart	4
2	Generelle vilkår.....	4
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg	4
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald.....	4
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare	4
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	4
2.5	Ansvar	5
2.6	Erstatningsansvar	5
2.7	Kulturminne i sjø	5
2.8	Aktsemd ovanfor framande organismar	5
2.9	Sakshandsaming etter anna loverk	5
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	5
3.1	Internkontroll.....	5
3.2	Beredskapsplan.....	6
3.3	Varsling om akutt forureining	6
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø	6
4.1	Generelt.....	6
4.2	Kontroll av utfyllingsmassar	6
4.3	Tidsavgrensingar	6
4.4	Partikkelsperre og turbiditetsmålar	7
4.5	Koordinering med fiskarlag	7
5	Kontroll- og overvaking	7
5.1	Plan for kontroll og overvaking	7
6	Avfall	8
6.1	Generelle krav	8
6.2	Handtering av farleg avfall.....	8
6.3	Plast	8
7	Rapportering og dokumentasjon.....	8
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.	8
8	Tilsyn.....	9



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø utanfor gnr./bnr. 121/1 og 121/11, Sakseidvågen i Bømlo kommune. Formålet med arbeida er utbetring av fv. 541 Sakseid - Hestaneset.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av ca. 30 000 m³, mudring av mellom 4 000 og 15 000 m³ massar, og dumping av dei mudra massane. Arbeida vil skje frå land og frå lekter.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 6. juli 2023 og tilleggsopplysningar i saka, særleg i brev Norconsult datert 31. januar 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ingen kjente observasjonar i tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i fylket. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreieing av framande organismar.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet,

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)



forureiningslova, produktkontrolllova² og andre relevante forskrifter til disse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureinings situasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

Det skal nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

4.3 Tidsavgrensingar

Mudrings- og dumppearbeidet skal ikkje skje når det er låssatt fisk i nærliggande låssetjingsplass. Ifølgje lokalt fiskarlag er det ikkje låssatt fisk mellom november til april.

² Produktkontrolllova av 11.06.1979 nr 79



4.4 Partikkelsperre og turbiditetsmålar

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten ved utfylling skal det nyttast ei eller om nødvendig fleire siltgardiner. Siltgardinene skal dekke deler eller heile vassøyla på ein måte slik at grenseverdi for turbiditet blir overhalden. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport³ frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester. Det kan nyttast fritthengande siltgardin grunna tiltakets art, då stein frå utfyllingsarbeidet kan rulle over forankring og øydelegge siltgardina/ene.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid/utfylling i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-9433⁴

Partikkelkonsentrasjonen utanfor partikkelsperra i tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal utfyllingsarbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak, eksempelvis å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målarer flyttast.

4.5 Koordinering med fiskarlag

Tiltaket skal koordinerast med lokalt fiskarlag. Fiskarane skal i anleggsperioden ha moglegheit til å bruka området nord for anleggsområdet utanfor siltgardin til landfeste for kilenot, og området rett utanfor siltgardin til låssettjingsplass på tvers i vågen. Før oppstart av utfyllingsarbeidet skal det gjennomførast ei vurdering saman med lokalt fiskarlag knytt til om avstanden til låssatt fisk er stor nok.

5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i

³ Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013

⁴ Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard NS- 9433



tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard. Den ferdige kontroll- og overvåkingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemnda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarerer.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvåkingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark⁵ M-1085|2018 kan nyttast som ein rettleiar.

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Oversikt over uønskete hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

⁵ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.